



UDC 821.113.3

Else Mundal

Universitetet i Bergen

NÅR DEN “RETTE” TEKSTEN ER RANG.

TOLKINGA AV TILNAMNET TIL KONGSSONEN SIGURD RISE

Forfattern diskuterer tilnamnet til sonen til Harald Hårfagre, Sigurd, som han hadde med samekvinna Snøfrid. I gammalisländsk er forma *hrísi*, ‘uekte son av fri kvinne avla i riset’. I gammalnorsk fall *h* framfor *r* i byrjinga av ord, og tilnamnet hadde forma *risi*, som er ei tvtydig form når vokallengde ikkje er markert, og kunne stå både for eldre *hrísi* og for *risi*, ‘rise/troll’. Forfattern argumenterer for at tilnamnet tyder ‘rise/troll’, og at det kallar fram assosiasjonar til eit mytisk mønster og til Sigurds samiske bakgrunn. Denne tolkinga er støtta av omsetjinga av *risi* til *gigas* i den norske latinske krønika, *Historia Norwegie*, og av det faktum at islendingen Sturla Þórðarson i sin versjon av *Landnámabók*, valde forma *risi*. Forfattern viser vidare korleis tilnamnet er behandla av utgjevarar av vitskaplege utgåver. I utgåver av isländsk tekst er forma *hrísi* sjølvsagt brukt. Det faktum at der finst ei norsk kjelde som seier at tilnamnet tyder ‘rise/troll’ er ikkje brukt til å problematisere meininga. I unormaliserte utgåver av norske handskrifter er forma *risi* sjølvsagt brukt, men i normaliserte tekstar har forma vorte endra til *hrísi*. I framtida må forma *hrísi* framleis brukast i utgåver av isländske handskrifter (bortsett frå Sturlubók) sidan dette er den einaste forma som finst i desse handskriftene, men ein kommentar som problematiserte tydinga, ville vere nyttig. I utgåver av norske handskrifter, må *risi*, vere den rette forma.

Nykelord: Sigurd Rise, tilnamn, Samisk opphav, mytisk mønster, tekstutgjeving.

Else Mundal

Bergen University

WHEN THE “RIGHT” TEXT IS WRONG.

THE INTERPRETATION OF THE BYNAME OF THE PRINCE SIGURÐR RISI

The author discusses the byname of King Haraldr Fairhair’s son, Sigurðr, with the Sami women, Snæfríðr. In Old Icelandic, the form is *hrísi*, ‘illegitimate son of a free woman conceived in the bushes’. In Old Norwegian, *h* before *r* fell in beginnings of words and the byname had the form *risi*, which is an ambiguous form when the length of the vowel is not marked, and could stand both for older *hrísi* and *risi*, ‘giant|troll’.

The author argues that the byname means ‘giant/troll’, and that it calls forth associations to a mythic pattern and to Sigurðr’s Sami background. This interpretation is supported by the translation of *rísi* to *gigas* in the Norwegian Latin chronicle, *Historia Norwegie*, and by the fact that the Icelander Sturla Þórðarson in his version of *Landnámabók*, chose the form *rísi*. Further, the author shows how the byname is treated by editors of scholarly editions. In editions of Icelandic texts, the form *hrísi* is of course used. The fact that there is a Norwegian source which says that the byname meant ‘troll/giant’ is not used to problematize the meaning. In editions of Norwegian texts printed according to the manuscripts the form *rísi* is of course used, but in normalized texts this form is changed to *hrísi*. In the future, the form *hrísi* must continue to be used in editions of Icelandic manuscripts (except in editions of Sturlubók) since this is the only form found in the manuscripts, but a comment problematizing the meaning would be useful. In editions of Norwegian manuscripts, *rísi* must be the correct form.

Keywords: Sigurðr Troll/Giant, byname, Sami origin, mythic pattern, editing text.

I denne artikkelen vil eg ta opp tråden frå eit tidlegare arbeid, “Sigurd hrísi eller Sigurd rísi?” [Mundal, 2003]. Der drøfta eg tydinga av tilnamnet til den sonen av kong Harald Hårfagre som på moderne norsk vert omtalt som Sigurd Rise. Dette var ein av sønene kong Harald hadde med samekvinna Snøfrid. I norrøne kjelder, gammalislandske og gammalnorske, har dette tilnamnet to former, *hrísi* og *rísi*. Forma med *h* i framlyd er nesten einerådande i islandske handskrifter medan forma utan *h* i framlyd er brukt i norske. Som eg tidlegare har argumentert for, er det mykje som tyder på at forma *hrísi* (uekte son av fri kvinne avla i riset)¹ har kome inn i det islandske materialet som ei mistolking av den gammalnorske forma av tilnamnet, *rísi* (‘rise/troll’)². Dette kunne lett skje sidan den norske skriftlege forma, *rísi*, etter bortfallet av *h* i framlyd framfor *r*, når vokallengde ikkje var markert, vart tvitydig, og kunne stå både for eldre *rísi* og *hrísi*. I munnleg tale var det framleis skilnad mellom orda i norsk sidan det eine ordet hadde kort rotvokal, det andre lang.

I det følgjande vil eg gje eit kort oversyn over materialet, men hovudvekta vil ligge på ei drøfting av korleis denne mistydinga i dei islandske tekstane vert handtert, eller heller burde ha vore handtert, når tekstane

¹ *Hrísi* har same tyding som *hrísungr*. Det er det siste ordet, men utan *h* i framlyd, som vert brukt i det norske lovspråket. *Hrísi* (norsk *rísi*) er ikkje brukt i det norske lovspråket, men ei feminin form, *rísa*, finst brukt i *Eldre Frostatingslov* VIII, 8, noko som gjer det sannsynleg at forma *rísi* også har funnest.

² Dette synet har seinare fått støtte av Jurij Kusmenko [Kusmenko, 2013, s. 181].

vert gjevne ut i vitskapelege utgåver, og eg stiller spørsmålet kor opplagt det må vere at vi har med ei mistyding å gjere, før dette, på ein eller annan måte, bør kome fram i dei vitskapelege utgåvene. Til slutt vil eg understreke at det faktisk er viktig å få fram att den opphavlege og rette tydinga av dette tilnamnet, for det var eit meiningsberande og symboltungt tilnamn som plasserte beraren i eit mytisk mønster.

I islandske kjelder kan tilnamnet *hrísi* (skrive med *h* i framlyd, men oftast utan markering av vokallengde) følgjast attende til slutten av 1100-talet, kanskje lenger. I skaldediktet *Nóregs konunga-tal*, diktet som var laga til ære for islendingen Jón Loptsson, som nedstamma frå det norske kongehuset på morsida³, er Sigurd, son til Harald Hårfagre, nemnd i str. 42 to gonger, første gongen har tilnamnet forma *rísi*, og seinare i same strofa forma *hrisa* (gen.). Den første forma, med lang *i*, kunne sjå ut som ei norsk form av *hrísi*⁴. Men seinare i same strofa inngår tilnamnet i rimet: *var Halfdan/hrisa arfi*⁵, og her vert då den islandske forma sett inn. Kanskje har det vore eit poeng for den anonyme skalden å bruke ei norsk form i diktet til den islandske slektningen av det norske kongehuset. Ei norsk form og ei islandsk form av tilnamnet i same strofe kan ha vore meint som eit morosamt poeng i diktet til Jón som var halvt norsk og halvt islandsk. Men i alle fall kan det ikkje vere tvil om at skalden har meint at tilnamnet var *hrísi* når ein ser dei to formene i samanheng⁶.

I *Íslendingabók* møter vi også tilnamnet til Sigurd i forma *hrísi*. Dette var ikkje nødvendigvis den forma som fanst i handskriftet som det låg føre frå Aris hand, men sidan begge dei unge bevarte avskriftene av *Íslendingabók* (frå 1600-talet) har forma *hrísa* (oblikv form) i genealogien til kong Harald Hardråde i kapittel 9, er det rimeleg å tru at i alle fall førelegget for desse handskriftene frå rundt 1200 har

³ Mor til Jón var Þóra, frilledotter til kong Magnus Berrføtt.

⁴ Ein kan ikkje vere sikker på at aksenten alltid er brukt som lengdeteikn, den kan også vere brukt til å skilje ut vokalene, eller rett og slett litt tilfeldig, som når den trykklette *i* (i *arfi*) har fått aksent, medan *hrísa*, som skulle ha aksent, ikkje har det.

⁵ *Den norsk-islandske skjaldedigtning* AI, s. 584.

⁶ Diktet er overlevert i den unge *Flayeyjarbók* (1370-talet), men at forma utan *h* i framlyd skulle ha kome inn under den skriftlege traderinga er mindre sannsynleg enn at ho skriv seg frå den opphavlege skalden.

hatt det same, og mest sannsynleg også *Íslendingabók* som ho var frå Aris hand. Seinare er det forma *hrísi* vi finn i islandske handskrifter, i kongesogehandskrifter som for eksempel *Heimskringla*⁷ og *Morkinskinna*⁸. Også i *Ágrip*, som det no er stor semje om er eit norsk verk, men som berre finst i eit islandsk handskrift, finn ein forma *hrísi*⁹. Forma er brukt i seinare store samlehandskrifer som *Flateyjarbók*¹⁰, og forma *hrísi* finst i handskriftene av *Landnámabók*¹¹ (Hauksbók frå første tiåra 1300-talet og Skarðsárabók frå 1600-talet), men med eitt viktig unntak. Det kan sjå ut som Sturla Þórðarson har retta tilbake til “norsk form”, *rísi*¹². Sturla skreiv truleg sin versjon av *Landnámabók* i dei siste leveåra sine, han døydde i 1284. Sturlas førelegg har vi ikkje, men han har bygt på ein eldre versjon av *Landnámabók* av Styrmir Kárason som går under namnet *Styrmisbók*, som vi kan gå ut frå hadde forma *hrísi* i samsvar med islandsk tradisjon. Det er sjølv sagt teoretisk mogeleg at Sturla har meint å setje inn ei norsk form av *hrísi*, men han hadde ingen spesiell grunn til å gjere det, slik som skalden av *Nóregs konunga-tal* hadde. Sturla hadde heller ikkje for vane å setje inn norske former av namn og tilnamn på nordmenn elles i *Sturlubók*. Det er difor grunn til å rekne med at forma *rísi* er meint som ei reell retting av *hrísi* i førelegget.

Rettinga til Sturla er viktig for tolkinga av tilnamnet, for av *Landnámabók*-redaktørane var Sturla nok den som hadde best kjennskap til det norske kongehuset. Sjølv sagt hadde også Haukr, redaktøren av *Hauksbók*, etter sine lange opphald i Noreg¹³, svært god kunnskap om norske forhold og norsk språk, men Sturla stod nok i ei særstilling med sitt nære forhold til den norske kongen Magnus Lagabøter, forfattar av to

⁷ I *Heimskringla* I, s. 126, 128 og 310; *Heimskringla* II. s. 423, 437.

⁸ *Morkinskinna*, s. 56.

⁹ *Ágrip*, s. 5, 37.

¹⁰ *Flateyjarbók* I, s. 28; *Flateyjarbók* II, s 12, 533; *Flateyjarbók* III, 288, 352.

¹¹ *Landnámabók*, s. 374.

¹² *Sturlubók* brann i den store brannen i København i 1728, men finst i ei avskrift frå midten av 1600-talet. Det er usannsynleg at den islandske skrivaren frå 1600-talet ville setje inn *rísi* dersom det stod *hrísi* i forelegget. Det er såleis all grunn til å rekne med at denne forma skriv seg frå Sturla.

¹³ Haukr Erlendsson er nemnd som lagmann på Island i 1294. Rundt 1301 kom han til Noreg, og ikkje mykje seinare vart han lagmann i Noreg, først i Oslo og seinare i Gulating til rundt 1322. I denne perioden reiste han fleire gonger att og fram mellom Island og Noreg. Etter 1322 er han borte frå kjeldene i sju år, og ein har gått ut frå at han i denne perioden er på Island. Han døy, truleg i Noreg, i 1334.

kongesoger (*Hákonar saga Hákonarsonar* og *Magnúss saga lagabætir*), nært samarbeid med kongen om lovgjeving, og to opphald i Noreg, det første ganske langt (1263–1271), det seinare kortare (sommaren 1278), i alle fall det første, kanskje begge, før *Sturlubók* vart skriven. Når *Sturla* retta frå *hrísi* til *risi* er det derfor grunn til å tru at han meinte å vite at denne *Sigurd* hadde eit tilnamn som tydde ‘rise/troll’. At det nettopp er *Sturla* som rettar tilnamnet mot førelegget og den islandske tradisjonen, er det såleis grunn til å leggje vekt på.

Norske handskrifter som har forma *risi*, utan *h* i framlyd, gjev ikkje så mange belegg på tilnamnet som dei islandske handskriftene, men vi har slike former i handskriftene av *Fagrskinna*¹⁴ og i det norske handskriftet av *Olafs saga helga*¹⁵, som gjerne vert omtalt som *Legendariske saga*. Isolert sett er desse norske formene ikkje sikre belegg på at tilnamnet tyder ‘rise/troll’, for i motsetning til *Sturla*s form, *risi*, som er eintydig i islandsk, er dei norske formene tvitydige så lenge vokallengde ikkje er markert. Men vi har likevel ei norsk kjelde som eintydig fortel at tilnamnet må ha vore *risi* og ikkje *hrísi*. Vi finn nemleg *Sigurd* omtala (under namnet *Siwardus*) i den norske latinske krønika *Historia Norwegie* frå ca. 1160–1175, og både i kapittel 11 og i kapittel 15 vert tilnamnet gjengjeve som *gigas*, ‘kjempe’. I kapittel 15 er det norske tilnamnet, *Risi*, nemnt, og deretter står den latinske omsetjinga: *Siwardus Risi (it est Gigas)*, “*Siwardus Risi (that is giant)*”. Det kan ikkje vere tvil om at dette er ei omsetjing av eit tilnamn som hadde tydinga ‘rise/troll’.

Det er sjølvsagt teoretisk mogeleg at det er forfattaren av *Historia Norwegie* som identifiserer forma *risi* med feil ord. I utgåva av *Historia Norwegie* (2003) drøfer utgjevaren, Lars Boje Mortensen, tilnamnet. Han meiner at det rette tilnamnet var *hrísi*, men at forfattaren av *Historia Norwegie* medvete har endra tilnamnet for å dekkje over at kong Harald Hårfagre hadde illegitime born. Lars Boje Mortensen ser dette i samanheng med ein moraliserande tendens hjå forfattaren som fører til at han heller ikkje nemner dei mange konene til kong Harald Hårfagre¹⁶. Det er vel mogeleg at ein slik moraliserande tendens finst i verket, men spørsmålet er jo om *Sigurd* var sett på som illegitim på det tidspunktet tilnamnet vart gjeve. Rett nok hadde kong Harald Hårfagre mange ko-

¹⁴ *Fagrskinna* (i *Íslenzk fornrit*), s. 71, 226.

¹⁵ *Olafs saga helga*, s. 6.

¹⁶ *Historia Norwegie*, 2003, s. 198–99.

ner, men i heiden tid var fleirgifte tillate, og Sigurd var vel korkje meir eller mindre illegitim enn storparten av den store barneflokket til kong Harald Hårfagre.

Omsetjinga av tilnamnet *risi* til *gigas* er ikkje enkel å bortforklare, men det har likevel vorte gjort. I drøftinga av tilnamnet viser Lars Boje Mortensen til tidlegare forskarar som har konkludert med at forfattaren av *Historia Norwegie* tek feil. Dei vanlege forklaringane har vore at han berre har kjent tilnamnet frå norske skriftlege kjelder (som ville vere tvitydig når ikkje vokallengde var markert), eller at forfattaren var utlending og hadde manglande kompetanse i norrønt språk¹⁷. Eg skulle heller tru at forskarane som har kome til at forfattaren av *Historia Norwegie* tok feil, har vore blinda av den islandske forma *hrísi*, og eigentleg ikkje vurdert om det er den som kan ha kome inn i teksttradisjonen ved ein feil. At både forfattaren av *Historia Norwegie* og Sturla Þórðarson skulle ta feil av kva tilnamnet tydde i Noreg, er svært lite truleg. Etter mitt syn kan ein ikkje sjå bort frå ei så klar utsegn som den ein finn i *Historia Norwegie*, kap. 15: *Siwardus Risi (id est Gigas)*, ‘Sigurd Rise (det tyder kjempe)’.

Kva har ein så gjort med tilnamnet til Sigurd, son til Harald Hårfagre og samekvinna Snøfrid, når tekstane der namnet finst, skal gjevast ut i vitskapelege utgåver? Praksis har vore at ein i normaliserte tekstar har sett inn den forma av tilnamnet som er nesten einerådande i islandsk, *hrísi*. Omsetjingar til ulike språk har lagt denne forma til grunn, og dermed har mistydinga spreidd seg. I norsk, og til dels i andre skandinaviske språk, har forma ‘rise’ vore brukt som ein freistnad på å gje det utdøyddde ordet *hrísi* ei moderne skandinavisk form, med den følgje at folk flest har identifisert det med det ordet dei kjenner, ‘rise’ i tydinga ‘troll’, og den rette tydinga har dermed vorte gjeninnført gjennom ei mistyding nummer to.

I islandske verk der forma *hrísi* er gjennomført, er det sjølvsagt i samsvar med filologiske utgjevingsprinsipp at denne forma vert brukt. At forma etter alt å døme har kome inn i islandsk ved ei mistyding, spelar lita rolle så lenge dette er den forma som finst i handskriftmaterialet, då er dette den “rette” forma i ein vitskapeleg tekst, sjølv om det er grunn til å tru at ho er rang. Men det spør om ikkje ein liten fotnote som kunne kaste lys over forholdet, ville vere på sin plass,

¹⁷ *Historia Norwegie*, 2003, s. 197.

kanskje spesielt i utgåver av eit norsk verk som *Ágrip* (både normalisert og unormalisert) ville ein merknad om at tilnamnet opphavleg må ha hatt ei form utan *h* i framlyd vere nyttig. Om det vil vere rimeleg eller ønskjeleg om ein utgjevar tek stilling til kva tyding tilnamnet har, vil nok vere avhengig av kor viktig ein meiner tydinga av tilnamnet er, og kor fyldig noteapparat det er lagt opp til. Men dersom ein utgjevar først går inn på ei drøfting her – i notane eller eventuelt i eit føreordt — ville eg finne det rimeleg at han nemnde korleis tilnamnet vart omsett i *Historia Norwegie*, for dette verket gjev, etter mitt syn, nærmast det ein kan kalle fasit på svaret.

I strofa frå *Nórege konunga-tal*, der tilnamnet ser ut til å ha norsk form den eine gongen det er brukt, og islandsk den andre, begge med tydinga ‘ukekte son av fri kvinne avla i riset’ vil det sjølv sagt vere rett å normalisere til *hrísi* når teksten skal gjevast ut normalisert (som Finnur Jónsson også gjorde i den retta teksten av skaldedikta). Men ei anna sak er at den ukommenterte normaliseringa dekkjer over noko som truleg har vore eit poeng for skalden, nemleg å bruke ei norsk form.

Som nemnt er det i handskriftene av *Landnámabók* at det finst to former av tilnamnet til Sigurd. Eitt handskrift — avskrifta av Sturlubók — har forma *risi*, og Hauksbók og Skarðsárbók har *hrísi*. Finnur Jónsson gav ut alle *Landnámabók*-tekstane unormalisert (1900). Her har sjølv sagt Sturlubók-teksten forma *risi*, men forma er ikkje kommentert, og vi kan difor ikkje sjå om utgjevaren meiner at tilnamnet her har ei anna tyding enn elles i den islandske tradisjonen, eller om Sturla brukar ei “norsk” form som i prinsippet kan vere tvitydig. Men Finnur Jónsson meinte truleg at dei norske formene utan *h* i framlyd stod for *risi*, ordet med same tyding som *hrísungr*. Han har ein annan stad avvist den beste kjelda for tydinga ‘troll’, *Historia Norwegie*, og gjeve uttrykk for at forfattaren tok feil fordi han var utlending [Finnur Jónsson, 1923, s. 599].

I *Íslenzk fornrit* er *Landnámabók*-tekstane gjevne ut normalisert. Her er det eit spørsmål korleis namnet burde normaliserast, sidan Sturlubók, som har forma *risi*, er rundt ein generasjon eldre enn Hauksbók som har forma *hrísi*, og forma *risi* står dermed øvst i stemmaet om ein ser alle dei bevarte *Landnáma*-redaksjonane som eitt verk. No har utgjevaren, Jakob Benediktsson, valt å normalisere tilnamnet til Sigurd som *hrísi*. Han lagar i denne utgåva fellestekst for Sturlubók og Hauksbók i dei tilfella der det ikkje er nemneverdige tekstlege avvik, og i det aktuelle kapittelet er dei to redaksjonane så godt som likelydande. Når

han har valt å følgje forma i Hauksbók, har han nok resonnert som så at sidan Haukr ikkje følgjer førelegget Sturlubók, så har han følgd det andre førelegget han nemner, Styrmissbók (eldre enn 1245, året Styrmir døydde), som ein må gå ut frå har hatt forma *hrísi* sidan denne forma elles er eineherskande i islandske kjelder. Om Ari har hatt noko med den første *Landnámabók* å gjere, som er ei vanleg oppfatning, er det jo også naturleg å sjå forma av tilnamnet til kongssonen Sigurd i *Landnáma*-redaksjonane i samanheng med forma tilnamnet har i *Íslendingabók* — og som nemnt har begge avskriftene av *Íslendingabók* forma *hrísi*. Sidan det er all grunn til å tru at det er forma *hrísi* som har funnest i *Landnáma*-redaksjonane frå opphavet av, og at det er Sturla som rettar mot teksten i eit eldre førelegg og dermed fører inn det som sett gjennom augo til ein edisjonsfilolog er ein “feil”, har utgjevaren, Jakob Benediktsson, sitt på det tørre sjølv om han vrakar den forma av tilnamnet som står øvst i stemmaet i dei bevarte *Landnáma*-redaksjonane. Jakob Benediktsson nemner i notane at Sturlubók har forma *risi*, men om han dreg den konklusjonen at tilnamnet har ei anna tyding i Sturlubók enn i dei andre redaksjonane, går ikkje fram. Truleg har Jakob Benediktsson, som Finnur Jónsson, meint at *risi* var ei tvttydig norsk form, og at begge formene av tilnamnet tydde det same. Men i det islandske materialet er dette ei såpass avstikkande form at den nok burde ha ført til refleksjonar hos utgjevarane som vart vidareformidla til lesarane, særleg sidan den islandske forma *risi*, som berre kan tyde ‘rise/troll’, har støtte i *Historia Norwegie*.

Når Sturlubók har vore utgjeven som del av verket *Landnámabók*, ser vi at forma *risi* nærmast har vorte usynleggjort. Men *Landnáma-bok* er eit komplisert verk å gje ut som ein fellestekst av fleire redaksjonar, eigentleg er det umogeleg sidan redaksjonane i lange parti har ulik tekst, og i store parti gjev Jakob Benediktsson også Sturlubók og Hauksbók ut som parallelltekst. Å gje ut kvar redaksjon for seg er derfor eit godt alternativ. I ei normalisert utgåve av Sturlubok åleine, vil det, etter mitt syn, ikkje finnast nokon som helst grunn til å normalisere forma *risi* til *hrísi*.

I utgåver av dei norske handskriftene som har forma *risi*, vil ein sjølv sagt finne denne forma i unormaliserte utgåver, som til dømes i Finnur Jónssons utgåve av *Fagrskinna* (1902–1903). Men i namnregisteret, der Finnur Jónsson fører opp normaliserte former, finn vi forma *hrísi*, og

som alt peikt på, meinte han dette var den rette forma og at omsetjinga til *gigas* i *Historia Norwegie* bygde på ei mistolking.

I *Olafs saga hins helga*, eller den såkalla *Legendariske saga*, gjeven ut av Oscar Albert Johnsen (1922) finst også tilnamnet i forma *risi*. I denne utgåva har utgjevaren valt ei slags “norsk” normalisering av namn som i islandsk har *h* framfor *r*, og tilnamnet har også forma *risi* i namneregisteret. Den korte *i*-en som rotvokal kunne kanskje tyde på at utgjevaren meinte tilnamnet hadde tydinga ‘rise’, men sidan ikkje eit ord er sagt om dette, er det vanskeleg å dra slutningar om kva utgjevaren har meint.

Fagrskinna er også gjeven ut i serien *Íslezk fornrit*. Her er forma *risi* kort og godt normalisert til *hrísi* utan ein einaste kommentar. Sjølv sagt er *risi* i norsk ei tvtydig form, og teksten der forma er brukt, kan isolert sett ikkje gje svar på kva som er rett eller rang tolking. I slike tilfelle bør utgjevarane ikkje blindt følgje det som har vorte ei tradisjonell islandsk form, men løfte blikket og sjå på om det finst haldepunkt utanfor den aktuelle teksten for kva tilnamnet til Sigurd, son til Harald Hårfagre, tyder. Etter mitt syn har vi slike haldepunkt. Som peikt på her, gjev den latinske omsetjinga av tilnamnet, *gigas*, ‘kjempe’ i *Historia Norwegie* det utvitydige svaret at tilnamnet må ha hatt tydinga ‘rise/troll’, og denne tydinga vert støtta av den rettinga Sturla har gjort i Sturlubók. Å avfeie *Historia Norwegie* og å gå ut frå at Sturla, akkurat når det gjeld tilnamnet til Sigurd, berre har valt å bruke ei norsk form, og eigentleg ikkje har retta teksten, er for lettvindt. I utgåver av dei norske handskrifterne finst det i framtida ingen som helst grunn til å halde fram med å normalisere den tvtydige forma *risi* til *hrísi*. I islandske utgåver som har former med *h* i framlyd, vil *hrísi* sett med edisjonsfilologiske augo framleis vere den “rette” forma, men det vil vere rimeleg at lesarane vert gjorde merksame på at den “rette” forma høgst sannsynleg er rang.

No kan ein spørje seg om det spelar noka rolle om denne sonen til kong Harald Hårfagre og samekvinna Snøfrid hadde eit tilnamn som tydde ‘rise/troll’, eller eit tilnamn som tydde ‘uekte son av fri kvinne avla i riset’. Tolkinga av eit tilnamn er sjølv sagt ein liten detalj i teksten, men detaljar kan vere viktige, og i det aktuelle tilfellet er den vesle detaljen som tilnamnet er, faktisk symboltung.

Som Gro Steinsland peikte på i doktoravhandlinga si, *Det hellige bryllup og norrøn kongeideologi* (1991), førte norske kongar og jarlar

slekta tilbake ikkje berre til ein gud, men også ei jotunkvinne, og dette opphavet i jotunverda var ikkje mindre viktig for legitimeringa av kongemakt enn opphavet i gudeverda. Som ho også peikar på, kunne kvinner som stod utanfor samfunnet på ein liknande måte som jotunkvinner, t.d. trælkvinner, fylle jotunkvinnerolla når det mytiske mønsteret vart gjenekte i det virkelege livet gjennom kongens alliansar med kvinner som normalt ikkje kunne aksepteras som “gode gifte” i det norrøne samfunnet.

Som eg tidlegare har prøvt å vise, kunne samekvinner gå inn i jotunkvinnerolla i det mytiske mønsteret [Mundal, 1996, s. 105; Mundal, 1997.] Det norske samfunnet og samane, som levde i utkantane av dette, vert når samane er omtalte som risar, jotnar og liknande, plasserte i det mytiske mønsteret Midgard — Utgard. Det er liten tvil om at i det norrøne samfunnet var det mytiske mønsteret der alliansen mellom gud og jotunkvinne stod som opphavet til kongeætter, velkjent; og det er også overvegande sannsynleg at kongens ekteskap med kvinner utanfor det norrøne samfunnet, t. d. ei samekvinne, vart oppfatta som ei gjenskaping av det mytiske mønsteret, og at avkomet derfor vart sett som særleg lovande. Sigurds tilnamn, *risi*, er etter alt å døme meint å understreke opphavet hans i det samiske samfunnet som kunne fungere som ein parallell til jotunverda. Etter at Harald Hardråde kom til makta, vart Sigurd, son til Harald Hårfagre og Snøfrid, stamfar til det norske kongehuset, og betydninga av det mytiske mønsteret har vorte ytterlegare aktivisert¹⁸. Ein kan heller ikkje sjå heilt bort frå at tilnamnet vart lansert først på dette tidspunktet.

Det er sterke grunnar til å tru at Snorri såg dette mytiske mønsteret i ekteskapet mellom kong Harald Hårfagre og Snøfrid. I si framstilling av forteljinga om kongen og Snøfrid i *Heimskringla* skriv han av teksten i *Ágrip* nærmast ord for ord, men i teksten sin gjer han ei endring som gjer det klart at han ser, og ynskjer å understreke, det mytiske mønsteret i forteljinga: Han set inn overskrifta “*Frá Svása jotni*”, ‘About Svási the giant’, der han fortel om Svåse, far til Snøfrid, og det første møtet mellom kongen og samekvinna. Svåse, far til Snøfrid, er dels kalla jotun, dels dverg og dels finnekonge i Snorris teks. I *Ágrip* er Svåse berre omtalt som *finn*, som var det norske ordet for same. Snorri

¹⁸ Harald Hardråde var ifølgje genealogiane i fleire kongesoger son til Sigurd Syr som igjen var soneson til Sigurd Rise.

har etter alt å døme hatt den tradisjonelle islandske forma av tilnamnet til Sigurd Rise, *hrísi*. Det er i alle fall denne forma som finst i seinare avskrifter av Snorris tekst. Det er mogeleg at han ikkje kjende den norske tydinga. Han brukte *Ágrip*, som er eit norsk verk, men det einaste handskriftet vi har av *Ágrip*, er ei islandsk avskrift, og har forma *hrísi*, Snorri har truleg også hatt ei islandsk avskrift av *Ágrip*, og problemet med den tvitydige forma, som må ha funnest i den opphavlege norske skriftlege teksten, har difor ikkje sprunge han i augo. Det er mogeleg at han oversåg at også tilnamnet til Sigurd inngjekk i det mytiske mønsteret som han såg og tydeleggjorde i omtalen av Svåse. Det kan også tenkjast at han meinte tilnamnet *hrísi* ville kunne fungere i det mytiske mønsteret. Men det ville ikkje gje like klare assosiasjonar til dette mytiske mønsteret som når foreldra tilhørte to ulike etniske grupper (nordmenn og samar), eller representerte dei absolutte motsetningane på den sosiale rangstigen (konge og trælkinne), og berre *rísi*, ikkje *hrísi*, ville knyte beraren av tilnamnet til den samiske folkegruppa. Då Sigurd fekk tilnamnet *rísi*, anten det skjedde då han var ein ung mann og vart sett som eit lovande kongsemne, eller han fekk tilnamnet etter at Harald Hardråde kom på trona, hadde namngjevinga den same funksjonen som då Snorri seinare framstilte morfar til Sigurd, Svåse, som jotun. Det er eit tilnamn som skal vekkje assosiasjonar til det mytiske mønsteret og til samefolket.

Det ser ut for at innføringa av forma *hrísi* i det islandske materiale har vore med på å tåkeleggje at Sigurd gjennom tilnamnet sitt vart sett under det same mytiske overlyset som ekteskapet mellom foreldra, kong Harald Hårfagre og samekvinna Snøfrid. Men på norsk område har dette truleg vore klart, og tilnamnet *rísi* var ei stadig påminning om at det norske kongehuset hadde slektsrøter i to folk, det norske og det samiske.

SOURCES

Ágrip af Nóregskonunga søgum. I *Íslenzk fornrit*, 29. Red. Bjarni Einarsson. Reykjavík, Hið íslenska fornritafélag, 1984.

Den norsk-islandske skjaldedigtning. A I, A II, *tekst efter håndskriftene*. Red. Finnur Jónsson. København, Gyldendal, 1912, 690 s. + 541 s.

Den norsk-islandske skjaldedigtning, B I, B II, *rettet tekst*. Red. Finnur Jónsson. København, Gyldendal, 1915, 690 s. + 610 s.

- Fagrskinna* — *Nóregs konunga tal*. 1984. I *Íslenzk fornrit*, 29. Red. Bjarni Einarsson. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag, s. 55–373.
- Fagrskinna*. *Nórega konunga tal*. Red. Finnur Jónsson. København, Samfund til Udgivelse af Gammel Nordisk Litteratur, 1902–03, 415 s.
- Flateyjarbók*, I. Red. C. R. Unger og Guðbrandur Vigfússon. Christiania, P. T. Mallings Forlagsboghandel, 1860, 583 s.
- Flateyjarbók*, II. Red. C. R. Unger og Guðbrandur Vigfússon. Christiania, P. T. Mallings Forlagsboghandel, 1862, 701 s.
- Flateyjarbók*, III. Red. C. R. Unger og Guðbrandur Vigfússon. Christiania, P. T. Mallings Forlagsboghandel, 1868, 697 s.
- Heimskringla*, I. I *Íslenzk fornrit* [Icelandic ancient texts] 26. Red. Bjarni Aðalbjarnarson. Reykjavík, Hið íslenzka fornritafélag, 1979 [1941], 405 s.
- Heimskringla*, II. I *Íslenzk fornrit*, 27. Red. Bjarni Aðalbjarnarson. Reykjavík, Hið íslenzka fornritafélag, 1979 [1945], 481 s.
- Historia Norwegie*. Red. I. Ekrem og L. Boje Mortensen. København, Museum Tusulanum Press, University of Copenhagen, 2003, 245 s.
- Íslendingabók*. I *Íslenzk fornrit*, 1. Red. Jakob Benediktsson. Reykjavík, Hið íslenzka fornritafélag, 1968, s. 1–28.
- Landnámabók*, I–III. Red. Finnur Jónsson. København, Thiele bogtrykkeri, 1900, 403 s.
- Landnámabók*. I *Íslenzk fornrit*, 1. Red. Jakob Benediktsson. Reykjavík, Hið íslenzka fornritafélag, 1968, s. 29–397.
- Morkinskinna*. Red. Finnur Jónsson. København, Samfund til Udgivelse af Gammel Nordisk Litteratur, 1932, 479 s.
- Olafs saga hins helga*. Red. O. A. Johnsen. Kristiania, Jacob Dybwad, 1922, 115 s.

REFERENCES

- Finnur Jónsson. *Den oldnorske og oldislandske litteraturs historie* [*The history of Old Norwegian and Old Icelandic literature*], vol. II. København, Gad, 1923 [1901], 994 s.
- Kusmenko J. Sami as giants and dwarves in Old Scandinavian literature. *L'Image du Sápmi* [*Picture from Samiland*], III. Ed. by K. Andersson (Humanistica Oerebroensia. Artes et Lingue [Arts and Languages], 17). Göteborg, 2013, s. 168–201.
- Mundal E. The Perception of the Saamis and their religion in Old Norse sources. *Shamanism and Nothern Ecology*. Ed. by J. Pentikäinen. Berlin, New York, Mouton de Gruyter Publ., 1996, pp. 97–116.
- Mundal E. Kong Harald Hårfagre og samejenta Snøfrid. Samefolket sin plass i den norske rikssamlingsmyten [King Haraldr Fairrhair and the Sami girl Snæfríðr. The role of the Sami people in the myth about the unification of Norway]. *Nordica Bergensia*, 14. Bergen, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen Publ., 1997, s. 39–53.

Mundal E. Sigurðr *hrísi* eller Sigurðr *risi*? [Sigurðr *hrísi* or Sigurðr *risi*?]. *Nordica Bergensia*, 29. Bergen, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen Publ., 2003, s. 5–14.

Steinsland, G. *Det hellige bryllup og norrøn kongeideologi. En analyse av hierogami-myten i Skírnismál, Ynglingatal, Háleygjatal og Hyndluljóð* [The holy wedding and Old Norse ideology of kingship. An Analysis of the myth of hieros gamos in *Skírnismál, Ynglingatal, Háleygjatal and Hyndluljóð*]. Oslo, Solum Forlag, 1991, 366 s.

For citation: Mundal E. When the “Right” text is wrong. The interpretation of the byname of the prince Sigurðr Risi. *Scandinavian Philology*, 2017, vol. 15, issue 2, pp. 248–260. <https://doi.org/10.21638/11701/spbu21.2017.206>

Else Mundal

Professor,
Centre for Medieval Studies,
Bergen University,
P.O.Box 7800
5020 Bergen Norway
E-mail: Else.Mundal@uib.no

Received: 16.06.2017

Accepted: 30.07.2017